



Dag Inge Mehl
Mangerbua 29
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1121 - 23/15055

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
23.02.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 137/695 Alver

Tiltak: lysthus/utestue
Byggjestad: Gbnr: 137/695
Tiltakshavar: Dag Inge Mehl
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.02.2023.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Mangerbua/planid.: 1263-198501. Eigedomen er i gjeldande plan avsett til bustadføre mål. Det ligg regulert byggegrense på eigedomen. Planlagd utestove er plassert i strid med regulert byggegrense og handsaming av søknad krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå regulert byggegrense.



Utklipp frå reguleringsplan.

Søknad om dispensasjon skal nabovarslast. Evt. må de gjere greie for kvifor det ikkje er naudsynt med yttarlegare nabovarsling jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense gjeve i reguleringsplan.
Mangerbua/planid .1263-198501
2. dokumentasjon på at dispensasjonssøknaden er nabovarsla, evt. grunngjeving for kvifor de meiner det ikkje er naudsynt med yttarlegare nabovarsling jf. plan- og bygningslova § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 24.03.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Dag Inge Mehl

Mangerbua 29

5911

ALVERSUND